



# Møteprotokoll

## Aukra kontrollutval

---

**Dato:** 17.11.2020 kl. 09:30-13:20

**Sted:** Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

**Arkivsak:** 20/00038

**Møtende medlemmer:** Oddbjørg Sporsheim (V)  
Wilhelm Andersen (AP)  
Anita Høy Rekkavik (AP)  
Grant Johansen Solem (FRP)

**Møtende varamedlemmer:** Jørn Anders Thomassen (SV) for Oddvar Hoksnes (KRF)

**Frå kommunen møtte:** Odd Jørgen Nilssen, ordfører.

**Frå revisjonen møtte:** Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg revisor og Einar Andersen, forvaltningsrevisor.

**Protokollfører:** Sveinung Talberg, kontrollutvalssekretær.

---

SAKSKART			Side
<b>Godkjenning av innkalling</b>			
<b>Referatsaker</b>			
<a href="#">45/20</a>	20/00111-1	K-sak 73-20, Rapportering finansforvaltning pr 31.08.20.PDF	4
<a href="#">46/20</a>	20/00111-2	K-sak 74-20, Økonomirapportering pr. 31.08.2020.PDF	4
<a href="#">47/20</a>	20/00111-3	K-sak 75-20, Budsjettkorrigeringar pr. 31.08.20.PDF	4
<a href="#">48/20</a>	20/00111-4	K-sak 76-20, Uttale frå revisjonen om forenklar kontroll med etterlevinga av økonomiforvaltninga.PDF	4

<b>Orienteringssaker</b>			
<b>Saker til behandling</b>			
<a href="#">39/20</a>	20/00112-1	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.SEPTEMBER 2020	6
<a href="#">40/20</a>	20/00110-2	AVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA	7
<a href="#">41/20</a>	20/00107-1	ØKONOMIRAPPORTERING PR. 31.08.2020 - AUKRA KOMMUNE	7
<a href="#">42/20</a>	20/00128-1	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT	8
<a href="#">43/20</a>	20/00124-2	RISKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE FØR ETTERLEVELSESKONTROLL REGNSKAPSÅRET 2020 - AUKRA KOMMUNE	9
<a href="#">44/20</a>	20/00122-1	VURDERING AV KONTROLLUTVALGET SITT PÅSJÅ-ANSVAR OVERFOR REKNESKAPSREVISOR 2019 – AUKRA KOMMUNE	10
<a href="#">45/20</a>	20/00106-4	SLUTTRAPPORT PROSJEKT 679103 GANG- OG SYKKELVEG RØD- LØVIKA	11
<a href="#">46/20</a>	20/00106-5	SLUTTRAPPORT PROSJEKT 620100 ENERGISENTRAL, TRINN 2	13
<a href="#">47/20</a>	20/00119-2	OPPFØLGINGSLISTE – AUKRA KOMMUNE	16
<a href="#">48/20</a>	20/00118-1	MØTEPLAN 2021 - KONTROLLUTVALET I AUKRA	17
<b>Eventuelt</b>			

Aukra, 17.11.2020

Oddbjørg Sporsheim  
Nestleiar i utvalet

## **Godkjenning av innkalling**

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent.

## Referatsaker

<b>Saknr</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
45/20	20/00111-1	K-sak 73-20, Rapportering finansforvaltning pr 31.08.20.PDF
46/20	20/00111-2	K-sak 74-20, Økonomirapportering pr. 31.08.2020.PDF
47/20	20/00111-3	K-sak 75-20, Budsjettkorrigeringar pr. 31.08.20.PDF
48/20	20/00111-4	K-sak 76-20, Uttale frå revisjonen om forenklar kontroll med etterlevinga av økonomiforvaltninga.PDF
49/20	20/00111-5	K-sak 77-20, Kontrollutvalget sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023.PDF
50/20	20/00111-6	K-sak 78-20, Kontrollutvalet sitt forslag til plan for eigarskapskontroll 2020-2023.PDF

## Orienteringssaker

Saknr	Arkivsak	Tittel
27/20	20/00111-7	Oppdragsansvarlig revisor si uavhengighetserklæring 2020 - Aukra kommune.pdf
28/20	20/00111-8	Oppvekstprofil 2020 - Aukra kommune.pdf
29/20	20/00111-9	Protokoll Kommunestyret 15.10.2020 - Referatsaker.PDF
30/20	20/00111-10	Referat frå verksemdsbesøk 22.09.20 - Aukra omsorgssenter.pdf
31/20	20/00111-11	Varsel om tilsyn - Aukra kommune si forvaltning av introduksjonslova.PDF
32/20	20/00111-12	Varsel om tilsyn - tvungen Somatisk helsehjelp.PDF

Kontrollutvalssekretær viste til epost 2.7.20 frå kommunen til politikarar i Aukra kommune der kommunen går over til å nytte epostadressa NN@aukrapolitikar.no ved kommunikasjon mellom administrasjon og politikarar. Kontrollutvalet sine medlemar ønskjer også å gå over på denne ordninga, men at ein nyttar privatepostadresse som kopimottakar i tillegg for å sikre seg at informasjonen når fram.

Kontrollutvalet sine medlemar vart samstundes orientert om at kommunen no har til utlån ipad også til kontrollutvalet sine medlemar. Kvar enkelt medlem tek kontakt sjølv med servicekontoret for å få utstyr og epost på plass.

Ingen merknader til referat- og orienteringssakene.

## Saker til behandling

### 39/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.SEPTEMBER 2020

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	39/20

#### Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:

#### Møtebehandling

Kontrollutvalet synte til Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023 der det står at Ordførar og to valde representantar skal signere møteprotokollen til kommunestyret så snart den er klar til godkjenning. Det står ikkje noko om signering i dei øvrige politiske utvala sin møteprotokoll. Kontrollutvalet sin nestleiar fremma forslag om at kontrollutvalet veljer å følgje praksisen som gjeld i kommunestyret der to av kontrollutvalet sine medlemmer signerer protokollen frå kontrollutvalet sine møter saman med møteleiar. Nestleiar foreslo at protokollen frå møte 22.09.20 vert godkjent og at Grant Solem og Anita Høy Rekkavik vert valt til å signere protokollen frå møtet 17.11.20 saman med møteleiar så snart den er klar til godkjenning. Etter kontrollutvalet sitt reglement vil det seie at protokollar skal sendast til utvalet sine møtedeltakarar for gjennomsyn. Merknader skal meldast sekretariatet, som i samråd med leiaren tek avgjerd om endringar skal gjerast i utkastet. Etter evt. endringar er godkjent av møteleiar, så vert protokollen gjort offentleg. Protokollen skal endeleg godkjennast av kontrollutvalet i neste møte.

Til protokollen frå møtet 22.09.20 hadde sekretær ein kommentar som angjekk sak OS 26/20. Vedkomande har henvendt seg på nytt til utvalssekretær muntleg og kome med eit skriv til kontrollutvalsleiar etter møtet 22.09.20. Både sekretær og leiar har meldt attende at dette er ei sak som angår klagebehandling der Fylkesmannen er rett adressat. Kontrollutvalet er likevel takksam for henvendinga som kan nyttast til å sjå på om det kan vere svikt eller manglar i rutiner og system.

#### Votering

Kontrollutvalet fatta einstemmig vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet av nestleiar. (5 voterande)

#### Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling

Protokollen frå møtet 22.september 2020 vert godkjent. Til å signere protokollen frå møtet 17.11.2020 saman med møteleiar, vert valt Grant Solem og Anita Høy Rekkavik.

**Sekretariatet si tilråding:**

Protokollen frå møtet 22.september 2020 vert godkjent.

**40/20 AVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	40/20

**Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:****Møtebehandling**

Sekretær gjorde greie i saka.

**Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet i Aukra godkjenner framlagte forslag til oppdragsavtale mellom Aukra kommune v/kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalets leiar får fullmakt til å signere avtalen.

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet i Aukra godkjenner framlagte forslag til oppdragsavtale mellom Aukra kommune v/kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalets leiar får fullmakt til å signere avtalen.

**41/20 ØKONOMIRAPPORTERING PR. 31.08.2020 - AUKRA KOMMUNE**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	41/20

**Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:****Møtebehandling**

Ordførar syntes det var positivt at kontrollutvalet peikte på brudd på handlingsreglar. Det er viktig at vedtekne reglar vert etterlevd. Anita Hoøy Rekkavik viste til den seine avlevringa av årsrekneskapen

og minte om at tridsfristar må haldast. Grant Solem synte til sjukefråveret i kommunen og meinte dette hadde innverknad på utgiftene i einingane.

### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet tek økonomirapport pr. 31.08.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Kontrollutvalet uttrykkjer ein viss uro over utviklinga i driftsøkonomien og brudd på eitt av dei vedtekne økonomiske handlingsreglane i økonomireglementet vedteke i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18 ved at frie midlar fordelt til drift, ikkje kan auke med meir enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek økonomirapport pr. 31.08.2020 – Aukra kommune, til orientering.

Kontrollutvalet uttrykkjer ein viss uro over utviklinga i driftsøkonomien og brudd på eitt av dei vedtekne økonomiske handlingsreglane i økonomireglementet vedteke i kommunestyresak 93/18 den 13.12.18 ved at frie midlar fordelt til drift, ikkje kan auke med meir enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.

## **42/20 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	42/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Wilhelm Andersen synte til at Molde kommune som vertskommune bestiller forvaltningsrevisjon på barnevern. Ein les av oppdatert statusrapport under saka på kontrollutvalet si oppfølgingsliste at antal henvendingar og meldingar til barnevernet er høgt. Anita Hoøy Rekkavik synte til oppdateringa der ho var bekymra for verknadane av høgt sjukefråver. Ingen meinte dette var tilhøve som ga grunn til å spele inn til kontrollutvalget i Molde og bestillinga.

Jørn Anders Thomassen hadde eit innspel og ønske om tilleggspunkt på ei bestilling om forvaltningsrevisjon på spesialundervisning. Dette gjaldt at ein registrerer at mange elevar får få antal timar spesialundervisning. Dette er statistisk vist har liten effekt på læringsresultatet. Ein ønskjer at forvaltningsrevisjonsprosjektet skal gje svar på i kva grad spesialundervisning er samordna med den ordinære opplæringa, for å sikre forsvarleg utbytte av den samla opplæringa.



Forvaltningsrevisor orienterte om at ein ville sjå spørsmålsstillingane som går fram av saksframlegget i samanheng når ein skal utarbeide prosjektplan.

### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding med tillegg framsatt i møte av Jørn Anders Thomassen. (5 voterande)

### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «**Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Aukra kommune**» under føresetnad av at budsjettforslaget til kontrollutvalet vert vedteke.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet blir bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA.

Møre og Romsdal Revisjon SA utarbeider utkast til prosjektplan med problemstillingar skissert i saksframstillinga og avgrensingar gjort i kontrollutvalet sitt møte.

Prosjektplana vert lagt fram for godkjenning i kontrollutvalet 16.02.20 under føresetnad nemt i første punkt.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av «**Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Aukra kommune**» under føresetnad av at budsjettforslaget til kontrollutvalet vert vedteke.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet blir bestilt gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA.

Møre og Romsdal Revisjon SA utarbeider utkast til prosjektplan med problemstillingar skissert i saksframstillinga og avgrensingar gjort i kontrollutvalet sitt møte.

Prosjektplana vert lagt fram for godkjenning i kontrollutvalet 16.02.20 under føresetnad nemt i første punkt.

## **43/20 RISKO- OG VESENTLIGHETSANALYSE FØR ETTERLEVELSESKONTROLL REGNSKAPSÅRET 2020 - AUKRA KOMMUNE**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	43/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor gjorde greie i saka. Revisor vurderer at det er mest relevant å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll knytt til kontraktsoppfølging – Kulturhus og basseng. Revisjonen vil sjå på om kommunen har etablert organisasjonsmodell og utnemnt ein

prosjektansvarleg for prosjektet. Om kommunen har dokumentasjon på at anbudsprosessen for hoved-/totalentreprisen er gjennomført i tråd med lov om offentlege anskaffelser. Om kommunen har rutiner for godkjenning av endringsmeldingar for kontraktsarbeider. Om administrasjonen har rapportert om framdrift på prosjektet pr. 1. og 2. tertial 2020.

### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet tek revisor sin informasjon om risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek revisor sin informasjon om risiko- og vesentlegvurdering til orientering.

## **44/20 VURDERING AV KONTROLLUTVALGET SITT PÅSJÅ-ANSVAR OVERFOR REKNESKAPSREVISOR 2019 – AUKRA KOMMUNE**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	44/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Kontrollutvalssekretær gjorde greie i saka.

#### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som kjem fram i dokumentet «Kontrollutvalet sitt påsjåansvar for rekneskapsrevisor 2019».

Ut frå den vedlagte gjennomgangen blir det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hatt revisjonsåret 2019, har vore forsvarleg.

Kontrollutvalet vil følgje opp dei forholda som ikkje er på plass.

## **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet sluttar seg til dei vurderingar som kjem fram i dokumentet «Kontrollutvalet sitt påsjåansvar for rekneskapsrevisor 2019».

Ut frå den vedlagte gjennomgangen blir det vurdert at revisjonsordninga som Aukra kommune har hatt revisjonsåret 2019, har vore forsvarleg.

Kontrollutvalet vil følgje opp dei forholda som ikkje er på plass.

## **45/20 SLUTTRAPPORT PROSJEKT 679103 GANG- OG SYKKELVEG RØD-LØVIKA**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	45/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Sekretær gjorde greie for saka og påpeika at investeringsreglementet ikkje er revidert slik det var lagt opp til. Det er heller ikkje malar eller standardar for korleis ein skal rapportere prosjekt. Dette kunne revisor stadfeste. Anita Hoøy Rekkavik stilte spørsmål ved internkontrollen på området investeringsprosjekt. Ordførar og Jørn Anders Thomassen stilte spørsmål om det i andre kommunar fantest standardar eller malar ein kunne sjå på og dra nytte av i Aukra kommune. Revisor bekrefta at det fantes det. Kontrollutvalet slutta seg til dei vurderingar som kontrollutvalssekretær har gjort og legg fram uttalen for politisk handsaming i tråd med forslag frå sekretariatet.

#### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

#### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet i Aukra kommune har handsama sluttrekneskap for prosjekt 679103 Gang- og sykkelveg Rød-Løvika i møte 17.11.2020, sak 45/20 med ei samla investeringsutgift på kr 10 179 433.

Grunnlaget for kontrollutvalets handsaming har vore Aukra kommune sin sluttrapport med vedlegg, datert 02.04.2020 og uttale frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 09.07.2020.

Kontrollutvalet sine vurderingar og uttale byggjer på investeringsreglementet punkt 8-11.

**Kontrollutvalet har ikkje andre merknader til sluttrekneskap for prosjekt 679103 Gang- og sykkelveg Rød-Løvika enn det som framgår av uttalen nedanfor. Utvalet anbefaler kommunestyret å godkjenne sluttrekneskapet slik det er avlagt.**

#### Oppstartsvedtak.

Det vart vedteke oppstart av prosjektet i kommunestyresak 63/15 den 18.06.2015 med ei kostnadsramme på 6 mill. kr. Der vart det informert om at kalkyla for prosjektet var på 8,37 mill. kr.

Prosjektet vart lyst ut på DOFFIN 02.10.2015, med tilbudsfrist 10.11.2015. Endring av ramma til 8,79 mill. kr vart fremja i kommunestyresak 13/16 etter at anboda var innkome. Det vart vist til at i tillegg til foreslått ramme, skulle prosjekt 648010 Utsifting av asbeststrør finansiere 1 mill. kr av kostnadane.

Byggjstart.

Det går ikkje fram om det før oppstart av investeringsprosjektet er inngått kontrakt med entreprenør og leverandør.

#### Oppfølging i byggetida og tilleggsøyving.

Anlegget vart tatt over av Aukra kommune med ein sluttsum på 10,1 mill. kr som er om 1,4 mill. kr over justert ramme. Etter finansiering på 1 mill. kr frå prosjekt 648 010 er meirforbruket på 0,4 mill. kr. Meirforbruket skuldast meir naturstein og langsføringar enn prosjektet.

Det går fram årsak til avvik, men ikkje om det er fremma sak om budsjettendring.

#### Prosjektrekneskap

Det går ikkje fram om projektrekneskapet er sett opp i høve spesifikasjonane i anbudet.

Prosjektrekneskapet syner opprinneleg løyving, kva som er tilleggsøyving og sum løyving.

#### Overtaking.

Det går ikkje fram av sluttrapporten når investeringsprosjektet vart overteke av kommunen. Siste oppgjer til entreprenør for bygging av gangvegen vart utbetalt i desember 2016.

#### Sluttrekneskap.

Sluttrekneskap vedlagt revisjonsrapport skal avleverast innan 1 år etter. Siste oppgjer til entreprenør for bygging av gangvegen vart utbetalt i desember 2016. Følgeleg skulle prosjektet vore rapportert i 2017. Årsaka til at prosjektet ikkje er rapportert før no er at sluttoppgjeret til grunneigarane ikkje var gjennomført. Ved skifte av prosjektleiar vart dette dessverre ikkje vidareformidla. Dette vart gjennomført i 2018. Revisor rapporterer i sin attestasjon av 09.07.2020 at sluttrekneskapen er avslutta 02.04.2020. Kontrollutvalet fekk oversendt saka frå kommunen med revisor sin attestasjon den 06.10.2020. Ein vil bemerke at det klart må gå fram når prosjektet er overteke og at sluttrekneskapen må fremjast innan 1 år etter at det er overteke.

Revisor rapporterer i sin uttale at ein gjennom dei kontrollhandlingar som er gjennomført ikkje har funne vesentlege avvik som gjev grunn til merknader.

### **Sekretariatet si tilråding til uttale:**

Kontrollutvalet i Aukra kommune har handsama sluttrekneskap for prosjekt 679103 Gang- og sykkelveg Rød-Løvika i møte 17.11.2020, sak 45/20 med ei samla investeringsutgift på kr 10 179 433.

Grunnlaget for kontrollutvalets handsaming har vore Aukra kommune sin sluttrapport med vedlegg, datert 02.04.2020 og uttale frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 09.07.2020.

Kontrollutvalet sine vurderingar og uttale byggjer på investeringsreglementet punkt 8-11.

**Kontrollutvalet har ikkje andre merknader til sluttrekneskap for prosjekt 679103 Gang- og sykkelveg Rød-Løvika enn det som framgår av uttalen nedanfor. Utvalet anbefalar kommunestyret å godkjenne sluttrekneskapet slik det er avlagt.**

#### Oppstartsvedtak.

Det vart vedteke oppstart av prosjektet i kommunestyresak 63/15 den 18.06.2015 med ei kostnadsramme på 6 mill. kr. Der vart det informert om at kalkyla for prosjektet var på 8,37 mill. kr. Prosjektet vart lyst ut på DOFFIN 02.10.2015, med tilbudsfrist 10.11.2015. Endring av ramma til 8,79

mill. kr vart fremja i kommunestyresak 13/16 etter at anboda var innkome. Det vart vist til at i tillegg til foreslått ramme, skulle prosjekt 648010 Utskifting av asbestrør finansiere 1 mill. kr av kostnadane.

Byggjestart.

Det går ikkje fram om det før oppstart av investeringsprosjektet er inngått kontrakt med entreprenør og leverandør.

Oppfølging i byggetida og tilleggsøyving.

Anlegget vart tatt over av Aukra kommune med ein sluttsum på 10,1 mill. kr som er om 1,4 mill. kr over justert ramme. Etter finansiering på 1 mill. kr frå prosjekt 648 010 er meirforbruket på 0,4 mill. kr. Meirforbruket skuldast meir naturstein og langsføringar enn prosjektert.

Det går fram årsak til avvik, men ikkje om det er fremma sak om budsjettendring.

Prosjektrekneskap

Det går ikkje fram om projektrekneskapet er sett opp i høve spesifikasjonane i anbudet. Prosjektrekneskapet syner opprinneleg løyving, kva som er tilleggsøyving og sum løyving.

Overtaking.

Det går ikkje fram av sluttrapporten når investeringsprosjektet vart overteke av kommunen. Siste oppgjær til entreprenør for bygging av gangvegen vart utbetalt i desember 2016.

Sluttrekneskap.

Sluttrekneskap vedlagt revisjonsrapport skal avleverast innan 1 år etter. Siste oppgjær til entreprenør for bygging av gangvegen vart utbetalt i desember 2016. Følgeleg skulle prosjektet vore rapportert i 2017. Årsaka til at prosjektet ikkje er rapportert før no er at sluttoppgjæret til grunneigarane ikkje var gjennomført. Ved skifte av prosjektleiar vart dette dessverre ikkje vidareformidla. Dette vart gjennomført i 2018. Revisor rapporterer i sin attestasjon av 09.07.2020 at sluttrekneskapen er avslutta 02.04.2020. Kontrollutvalet fekk oversendt saka frå kommunen med revisor sin attestasjon den 06.10.2020. Ein vil bemerke at det klart må gå fram når prosjektet er overteke og at sluttrekneskapen må fremjast innan 1 år etter at det er overteke.

Revisor rapporterer i sin uttale at ein gjennom dei kontrollhandlingar som er gjennomført ikkje har funne vesentlege avvik som gjev grunn til merknader.

## **46/20 SLUTTRAPPORT PROSJEKT 620100 ENERGISENTRAL, TRINN 2**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	46/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Sekretær gjorde greie for saka og påpeika at investeringsreglementet ikkje er revidert slik det var lagt opp til. Det er heller ikkje malar eller standardarar for korleis ein skal rapportere prosjekt. Dette kunne revisor stadfeste. Anita Hoøy Rekkavik stilte spørsmål ved internkontrollen på området investeringsprosjekt. Ordførar og Jørn Anders Thomassen stilte spørsmål om det i andre kommunar fantest standardar eller malar ein kunne sjå på og dra nytte av i Aukra kommune. Revisor bekrefta at

det fantes det. Kontrollutvalet slutta seg til dei vurderingar som kontrollutvalssekretær har gjort og legg fram uttalen for politisk handsaming i tråd med forslag frå sekretariatet.

## **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet i Aukra kommune har handsama sluttrekneskap for prosjekt 620100 Energisentral trinn 2 i møte 17.11.2020, sak 46/20 med ei samla investeringsutgift på kr 14 698 982.

Grunnlaget for kontrollutvalets handsaming har vore Aukra kommune sin sluttrapport med vedlegg, datert 02.04.2020 og uttale frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 09.07.2020.

Kontrollutvalet sine vurderingar og uttale byggjer på investeringsreglementet punkt 8-11.

**Kontrollutvalet har ikkje andre merknader til sluttrekneskap for prosjekt 620100 Energisentral trinn 2 enn det som framgår av uttalen nedanfor. Utvalet anbefaler kommunestyret å godkjenne sluttrekneskapet slik det er avlagt.**

### Oppstartsvedtak.

Det vart vedteke oppstart av prosjektet i kommunestyresak 70/14 den 04.09.2014 med ei kostnadsramme på 15,2 mill. kr. Byggeprosjektet vart lyst ut på DOFFIN 03.02.2016 med tilbudsfrist 29.02.2016.

### Byggjestart.

Det går ikkje fram om det før oppstart av investeringsprosjektet er inngått kontrakt med entreprenør og leverandør.

### Oppfølging i byggetida og tilleggsøyving.

Prosjektet vart gjennomført og styrt av Utbyggingsavdelinga. Hammerø og Storvik vart leigd inn som assisterande prosjektleiarar. I 2018 vart det løyvd kr. 100 000 til støydempende tiltak på energisentralen, men dette tiltaket vart etter ei nærare vurdering ikkje gjennomført. Det var ikkje behov for fremme sak om budsjettendring på det øvrige prosjektet.

### Prosjektrekneskap

Det går ikkje fram om projektrekneskapet er sett opp i høve spesifikasjonane i anbodet. Prosjektrekneskapet syner opprinneleg løyving, kva som er tilleggsøyving og sum løyving. Prosjektrekneskapet vart avslutta med ei samla investeringsutgift på kr. 14 698 982 som er kr. 501 584 under budsjettamma etter at eksterne inntekter er ført.

### Overtaking.

Det går fram av sluttrapporten når investeringsprosjektet vart overteke av kommunen. Anlegget vart formelt overteke av Aukra kommune 25.04.2017.

### Sluttrekneskap.

Sluttrekneskap vedlagt revisjonsrapport skal avleverast innan 1 år etter overtakingsforretning. Anlegget vart formelt overteke av Aukra kommune 25.04.2017 og sluttrekneskap skulle vert levert innan 25.04.2018. Revisor rapporterer i sin attestasjon av 09.07.2020 at sluttrekneskapen er avslutta 02.04.2020. Kontrollutvalet fekk oversendt saka frå kommunen med revisor sin attestasjon den 06.10.2020. Ein vil bemerke at at sluttrekneskapen må fremjast innan 1 år etter at det er overteke. Det er ikkje meldt om årsak til forseinka avlevering.

Revisor rapporterer i sin uttale at ein gjennom dei kontrollhandlingar som er gjennomført ikkje har funne vesentlege avvik som gjev grunn til merknader.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet i Aukra kommune har handsama sluttregneskap for prosjekt 620100 Energisentral trinn 2 i møte 17.11.2020, sak 46/20 med ei samla investeringsutgift på kr 14 698 982.

Grunnlaget for kontrollutvalets handsaming har vore Aukra kommune sin sluttrapport med vedlegg, datert 02.04.2020 og uttale frå Møre og Romsdal Revisjon SA, datert 09.07.2020.

Kontrollutvalet sine vurderingar og uttale byggjer på investeringsreglementet punkt 8-11.

**Kontrollutvalet har ikkje andre merknader til sluttregneskap for prosjekt 620100 Energisentral trinn 2 enn det som framgår av uttalen nedanfor. Utvalet anbefaler kommunestyret å godkjenne sluttregneskapet slik det er avlagt.**

#### Oppstartsvedtak.

Det vart vedteke oppstart av prosjektet i kommunestyresak 70/14 den 04.09.2014 med ei kostnadsramme på 15,2 mill. kr. Byggeprosjektet vart lyst ut på DOFFIN 03.02.2016 med tilbudsfrist 29.02.2016.

#### Byggjestrart.

Det går ikkje fram om det før oppstart av investeringsprosjektet er inngått kontrakt med entreprenør og leverandør.

#### Oppfølging i byggetida og tilleggsøyving.

Prosjektet vart gjennomført og styrt av Utbyggingsavdelinga. Hammerø og Storvik vart leigd inn som assisterande prosjektleiarar. I 2018 vart det løyvd kr. 100 000 til støydempande tiltak på energisentralen, men dette tiltaket vart etter ei nærare vurdering ikkje gjennomført. Det var ikkje behov for fremme sak om budsjettendring på det øvrige prosjektet.

#### Prosjektregneskap

Det går ikkje fram om prosjektregneskapet er sett opp i høve spesifikasjonane i anbodet. Prosjektregneskapet syner opprinneleg løyving, kva som er tilleggsøyving og sum løyving. Prosjektregneskapet vart avslutta med ei samla investeringsutgift på kr. 14 698 982 som er kr. 501 584 under budsjettamma etter at eksterne inntekter er ført.

#### Overtaking.

Det går fram av sluttrapporten når investeringsprosjektet vart overteke av kommunen. Anlegget vart formelt overteke av Aukra kommune 25.04.2017.

#### Sluttregneskap.

Sluttregneskap vedlagt revisjonsrapport skal avleverast innan 1 år etter overtakingsforretning. Anlegget vart formelt overteke av Aukra kommune 25.04.2017 og sluttregneskap skulle vert levert innan 25.04.2018. Revisor rapporterer i sin attestasjon av 09.07.2020 at sluttregneskapen er avslutta 02.04.2020. Kontrollutvalet fekk oversendt saka frå kommunen med revisor sin attestasjon den 06.10.2020. Ein vil bemerke at at sluttregneskapen må fremjast innan 1 år etter at det er overteke. Det er ikkje meldt om årsak til forseinka avlevering.

Revisor rapporterer i sin uttale at ein gjennom dei kontrollhandlingar som er gjennomført ikkje har funne vesentlege avvik som gjev grunn til merknader.

## 47/20 OPPFØLGINGSLISTE – AUKRA KOMMUNE

Behandlet av	Møtedato	Saknr
Aukra kontrollutval	17.11.2020	47/20

### Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:

#### Møtebehandling

Nestleiar gjekk gjennom sakene på oppfølgingslista.

##### Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet registrerer at det er fleire politiske vedtak som er fatta, som ikkje er følgt opp og som manglar på lista kontrollutvalet fekk i møtet 01.04.2019. Jørn Anders Thomassen stilte spørsmål ved kommunedirektøren sin internkontroll for oppfølging av politiske vedtak. Det vart frå nestleiar fremma forslag om at «Forvaltningsplan for leplanting på Gossen» fortsatt står og at kontrollutvalet vil be kommunedirektøren om ei ny liste over politiske vedtak som ikkje er følgt opp. Kontrollutvalet vil vurdere å sende brev til kommunestyret og orientere om at det er politiske vedtak som ikkje er følgt opp og som manglar på lista.

##### Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Nestleiar fremma forslag om at saka og restansen fortsatt står på oppfølgingslista.

##### Barnevernstenester

Nestleiar viste til den grundige attendemeldinga frå leiar i barnevernstenesta samt at kontrollutvalet i Molde no har bestilt forvaltningsrevisjon på området. Med bakgrunn i dette foreslår ein å avslutte saka på oppfølgingslista då ein vil handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i eiga sak når den forelegg. Nestleiar vil likevel at kommunedirektøren svarar kontrollutvalet korleis ein følgjer opp ansvaret på barnevernsområdet gjennom oppfølging av avtalen som er inngått med Molde kommune.

##### Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune

Nestleiar foreslo at ein avsluttar saka på oppfølgingslista med bakgrunn i verksemdsbesøket 22.09.2020 der ein fekk eit godt inntrykk. Ein følgjer opp saka vidare gjennom oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg» i anna sak på oppfølgingslista. Kontrollutvalet ber AMU og administrasjonsutvalet om ei attendemelding på korleis dei følgjer opp omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune.

##### Informasjonssikkerheit

Nestleiar fremma forslag om at kontrollutvalet fekk ei ny oppdatering av status frå kommunedirektør i neste møte. Wilhelm Andersen ville knytte eit nytt tema til saka. I den seinare tid har ein opplevd at nettilgangen til kommunen har vore nede fleire gonger. Ein ønskjer svar frå kommunedirektøren på kva økonomiske og helsekritiske konsekvensar dette har for kommunen. Om ein ikkje direkte får svar på kva årsaka til manglande nettilgang har vore, så ønskjer ein svar på kva avbøtande tiltak kommunen har i høve slike hendingar.



### Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune»

Kommunedirektøren har til møtet gjeve ei kort attendemelding til kontrollutvalet på status oppfølging av anbefalingane. Kontrollutvalet registrerer at oppfølginga tek tid og Jørn Anders Thomassen ville stille kommunedirektøren spørsmål om det føreligg ei tidsplan for når ein skal vere i mål med arbeidet, kva for prioriteringar som ligg til grunn for manglande oppfølging og kvifor ein ikkje har effektuert vedtaket raskare. Anita Hoøy Rekkavik slutta seg til spørsmålsstillingane og uttrykte misnøye med oppfølginga etter at kommunestyret var blitt orientert om manglande oppfølging jf. brev av 23.04.2020 frå kontrollutvalet, og ville at kontrollutvalet informerte kommunestyret på nytt om status i tillegg til at kommunedirektøren til neste møte i kontrollutvalet kom med ei forpliktande attendemelding jf. spørsmålsstillingane frå repr. Thomassen.

### Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg»

Wilhelm Andersen fremma forslag om at kontrollutvalet fekk ein statusrapport til utvalet sitt neste møte.

### **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med framlegg framsett i møtet. (5 voterande)

### **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Følgjande sak vert avslutta på oppfølgingslista:

- Barnevernstenester.
- Omstillingsprosessen i omsorgstenestene i Aukra kommune.

Kontrollutvalet beheld dei øvrige sakene på oppfølgingslista.

### **Sekretariatet si tilråding:**

Følgjande sak vert ført opp på oppfølgingslista: .....

Følgjande sak får endra status på oppfølgingslista:.....

Følgjande sak vert avslutta på oppfølgingslista: .....

## **48/20 MØTEPLAN 2021 - KONTROLLUTVALET I AUKRA**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Aukra kontrollutval	17.11.2020	48/20

### **Møtebehandling i Aukra kontrollutval 17.11.2020:**

#### **Møtebehandling**

Kontrollutvalet i Aukra fastset første møte i 2021 til 16.februar kl. 09.30.

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet i 2021 vert handsama i første møte 2021 når møteplana for dei øvrige politiske utvala i Aukra kommune er kjent.

## **Votering**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

## **Aukra kontrollutvals vedtak/innstilling**

Kontrollutvalet i Aukra fastset første møte i 2021 til 16.februar kl. 09.30.

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet i 2021 vert handsama i første møte 2021 når møteplana for dei øvrige politiske utvala i Aukra kommune er kjent.

## **Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet i Aukra fastset første møte i 2021 til 16.februar kl. 09.30.

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet i 2021 vert handsama i første møte 2021 når møteplana for dei øvrige politiske utvala i Aukra kommune er kjent.

Oddbjørg Sporsheim  
Protokollsignerar

Grant Johansen Solem  
Protokollsignerar

Anita Høy Rekkavik  
Protokollsignerar

